



Kvinnherad mållag deler kvart år ut Målblomen for medvite bruk av nynorsk. Her får Marit Hjørnevåg blomen av Kristian Bringedal i 2012 . Vil denne tradisjonen fhalda fram i det samanslegne laget?(Foto: Lars Børge Seberg)

**Ikveld klokka 20 er det eit møte i bygda som må kallast historisk. Husnes mållag og Kvinnherad mållag har kalla inn til omframnt årsmøte.Deretter vert det skipingsmøte for det nye laget, som skal heite Kvinnherad mållag.**

**På saklista står nye lover, val av styre og arbeidsprogram.**

Kvinnherad mållag vart skipa tidleg på 1900-talet, men vart skipa pånytt i 1955.

I den gamle møteboka kan ein lesa at lærar Peder A. Kjærland i mange år var skrivar. Det var på 1970- og 1980-talet.

Vi les og at Kristian Bringedal vart vald til leiar alt i 1985 og han har sidan med nokre avbrot leia laget fram til samanslåinga ikveld.

Dei som har ivra for denne har store forventningar og minnar om at medlemstalet kjem til å liggja rundt 100. - Det vert eit knall-lag, sa leiaren i Kvinnherad mållag under årsmøtet tidlegare i år.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen